



Arkivsak 200908392-2
Arkivnr. 313
Saksh. Hanson, Siri

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

18.11.2009 - 19.11.2009

HØYRING – ”NYE BESTEMMELSER OM TORSKEOPPDRETT”

SAMANDRAG

Fiskeri og kystdepartementet vil fastsette nye føresegner som i all hovudsak vil gjelda for torskeoppdrett. Forskriftsendringane vil omfatte:

- endring av tildelingsprosedyrar for løyve til oppdrett av marin fisk
- forskriftsfesting av gjeldande praksis om ikkje å tillate torskeoppdrett i gyteområde for villtorsk
- krav om godkjende driftsplanar også for torskeoppdrettsanlegg
- krav til kontroll med nøter
- krav til overvåkingsfiske rundt torskeoppdrettsanlegg

Høyringsfristen er sett til 18. november 2009.

Hordaland fylkeskommune har i fleire år gitt støtte til utviklingsprosjekt basert på oppdrett av marin fisk og skjel både gjennom Regionalt utviklingsprogram og Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsarter i regi av Vestlandsrådet. Vidare vil fylkeskommunen frå 2010 få tildelt oppgåva med tildeling av akvakulturløyve og klarering av lokalitetar for akvakultur. Forskrifter som legg føringar for dette arbeidet er difor særleg viktig for fylkeskommunen.

Denne høyringa som gjeld torskeoppdrett, vert lagt fram for handsaming i fylkesutvalet samtidig med høyringa av Hardangerforskrifta. Høyringane vert lagt fram i to ulike saker, men ein bør sjå dei i samanheng. Forskrifta inneber mellombels stopp i løyver for lokalitetar til marin fisk innafor område som Hardangerfjordforskrifta avgrensar.

Nye føresegner vil kunne føre til ein meir effektiv sakshandsaming for forvaltninga. Samstundes som mangelfull kartlegging og upresis avgrensing og av gyteområde for vill torsk vil vere uheldig for utviklinga og strukturen i torskenæringa.

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1 Hordaland fylkeskommune sluttar seg i hovudsak til dei framlagde forslaga i forskrifta. Ein legg her vekt på at forskriftsendringane vil føre til meir berekraftig og framtidsretta torskeoppdrett.
- 2 Hordaland fylkeskommune har merka seg at forslaget inneber stans i tildeling av akvakulturløyvar for marin fisk i det geografiske området som er omfatta av forslag til ny ”Hardangerfjordforskrift”. Hordaland fylkeskommune vil peike på at denne stansen bør vere mellombels og med ein fastsett tidshorisont slik at det ikkje vert unødige hindringar for optimalisering av drifta for torskeoppdrettarane på sikt.
- 3 Hordaland fylkeskommune har merka seg at det er føreslått at ”*lokaliteter for torsk ikkje skal etablerast i gyteområde for vill torsk*”. Vi meiner at kartlegginga av gyteområda, og prosedyrane som har vore nytta for kartlegginga fram til i dag, bør betrast før kartmaterialet vert nytta som kategorisk avslagsgrunn for søknader om oppdrett. Mangelfull fagleg grunngjeving vil kunne vere uheldig for utvikling og struktur i næringa. Vidare kan slik bruk av eksisterande kartmateriale føre til miljømessig uheldig plassering av oppdrettsanlegg og at potensielt gode lokalitetar ikkje vert nytta.
- 4 Hordaland fylkeskommune ber om at det snarast vert sett i gong eit arbeid for å skaffe best mogleg kartgrunnlag over gyteområda. Vi ber om at ”gyteområde” vert definert, at det vert fastsett grenseverdiar og at dei regionalt viktigaste områda vert prioritert, slik at kartet kan nyttast i sakshandsaming.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg:

- Brev frå Fiskeri- og kystdepartementet datert 18. aug 2009. Høring – Nye bestemmelser om torskeoppdrett
- Kartvedlegg (kartdatakjelde Fiskeridirektoratet)

1. Bakgrunn

Fiskeri og kystdepartementet vil fastsette nye føresegner som i all hovudsak vil gjelda for torskeoppdrett. Forskriftsendringane vil omfatte:

- endring av tildelingsprosedyrar for løyve til oppdrett av marin fisk
- forskriftsfesting av gjeldande praksis om ikkje å tillate torskeoppdrett i gyteområde for villtorsk
- krav om godkjende driftsplanar også for torskeoppdrettsanlegg
- krav til kontroll med nøter
- krav til overvakingfsiske rundt torskeoppdrettsanlegg

Denne høyringa som gjeld torskeoppdrett, vert lagt fram for handsaming i fylkesutvalet samtidig med saka som gjeld høyring av Hardangerforskrifta. Desse sakene bør sjåast i samanheng.

2. Nærare om forslaga

Forskriftsendringane som no vert fremma er ein lekk i oppfølginga av tiltak som vart presentert i "Framtidsretta berekraftig torskeoppdrett". Eit tema herifrå er å styrke kunnskapsgrunnlaget om mulige miljøutfordringar i torskeoppdrett. Vidare er det lagt opp til ei rekke regelverkendringar som kan medføre sikrere drift og redusert rømming. Regjeringa ynskjer ein kontrollert vekst samtidig som det utviklast teknologi som sikrar miljømessig bærekraft. Som ein del av dette kan det verte naudsynt å bremse eller stanse tildeling av nye løyver til torskeoppdrett i påvente av utgreiingane som skal gjerast.

Forslag om endring av prosedyrane for tildeling av akvakulturtillatingar til marin fisk

16. juni 2009 ble akvakulturloven endra slik at Fiskeri- og kystdepartementet kan gi forskrift om endring i prosedyrane for tildeling av akvakulturløyve for andre artar enn laks, aure og regnbogeaure. Endringa trådde i kraft 1. juli. Løyve til anna oppdrett enn laks, aure og regnbogeaure blir i dag tildelt utan at talet løyver er avgrensa. Loven la tidlegare opp til at forvaltninga har ein plikt til å behandle søknader etter kvart. Dette kan føre til at bruken av areal ikkje vert optimal, og kan ha negative nærings- og miljøkonsekvensar. Det ble derfor sett på som viktig å endre lova slik at tildeling kan stansast heilt eller delvis i bestemte tidsperiodar eller i geografiske områder.

I dag er det uvisse knytt til miljøutfordringar, kunnskapsbehov, vegval, tempo m.v. i torskeoppdrett. I denne omgang foreslår departementet stans i tildeling av løyve til oppdrett av marin fisk i området som blir omfatta av forslaget til *Hardangerfjordforskrifta* (denne er nå ute på høyring). Avgrensinga av denne, og *Hardangerfjordforskrifta*, er vist på vedlagt kart. Gjennom *Hardangerfjordforskrifta* vert det sett i verk særskilte tiltak for å handtere miljøtilstanden i fjordområdet. Uavhengig av dette, arbeider oppdrettsnæringa med å få på plass ein betre lokalitetsstruktur i området, m.a. for å redusere risikoen for spreieing av sjukdomar.

Forskriftsfesting av gjeldande praksis om ikkje å tillate torskeoppdrett i gyteområder for villtorsk

Det går fram av utkastet til endring av tildelingsforskrifta at det ikkje vert tillate å gi løyve til torskeoppdrett i gyteområde for villtorsk. Forslaget inneberer at dagens forvaltningspraksis vert forskriftsfesta. Forskriftsfestinga inneberer også ei nærmare presisering av kva som vert rekna som "miljømessig forsvarleg". Som gyteområde reknast områder som er kartlagt og kvalitetssikra av Fiskeridirektoratet etter gjeldande prosedyrar. Bestemminga innskrenkar forvaltninga sin rett til å utøve forvaltningsskjønn i dei tilfella lokaliteten er planlagt lokalisert innanfor eit gyteområde.

Utanfor gyteområda sin reelle utstrekning, kan forvaltninga etter konkret vurdering også avslå søknader med grunngjeving i at det er fare for genetisk påverknad av ville bestandar innanfor gytefeltet. Vidare kan "oppvekstområde for torsk" være avslagsgrunn dersom lokaliteten har høg tettleik av årsyngel. Informasjonsgrunnlag om "oppvekstområde for torsk" er ikkje nærare angitt.

Godkjente driftsplanar

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår å endre akvakulturdriftsforskrifta slik at kravet om godkjenning av driftsplanar også vil gjelde for oppdrett av torsk. Krav om godkjente driftsplanar vil gi betre kontroll med korleis torskeanlegga planlegg drifta, både med omsyn til rømmingsrisiko og andre forhold.

Krav til kontroll med nøter og overvakingsfiske

Torsk i oppdrett har vist seg meir rømmingsvillig enn laks og regnbogeaure, og det rømmer relativt meir torsk enn laksefisk. Dette skyldes mellom anna at torsken har ein åtferd i merdane der han leiter etter hull, og det er observert at torsken nærmast kan gnage seg gjennom nota. Betra kontroll av nøtene er eit enkelt tiltak som kan førebygge rømming. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor endring i akvakulturdriftsforskrifta om kontroll av nøter, samt krav om journalføring av kontrollane. Det vert og krav om overvakingsfiske.

3. Vurdering av konsekvensar

Hordaland fylkeskommune har i fleire år gitt støtte til utviklingsprosjekt basert på oppdrett av marin fisk og skjel både gjennom Regionalt utviklingsprogram og Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsarter i regi av Vestlandsrådet. Vidare vil fylkeskommunen frå 2010 få tildelt oppgåva med tildeling av akvakulturløyve og klarering av lokalitetar for akvakultur for laksefisk og marine artar. Forskrifter som legg føringar for dette arbeidet vert difor særleg viktig for fylkeskommunen.

Konsekvensar for næringa

For å betre miljø- og sjukdomstilhøve med omsyn til laks og aureproduksjon, er det trong for å kunne flytte og gruppere anlegga. Torsk og lakseoppdrett kan stort sett nytte same type lokalitetar. Strengare føringar for løyve til torsk og mellombels stans i Hardangerfjorden vil gjere det enklare å plassere lakseanlegga på miljømessig og smittehygienisk forsvarleg måte.

På kort sikt kan tildelingsstopp for torskeoppdrett bety at oppdrettare ikkje like lett kan få tildelt nye løyve eller at det kan ta lengre tid å få nye. Dette kan ha konsekvensar for optimalisering av drifta. På lengre sikt vil endring i prosedyrane kunne vere med på å fremme ein struktur i næringa som kan stø oppunder næringa sitt utviklingspotensial. Då det allereie er eit krav om å ha driftsplan for akvakulturanlegg med marin fisk, fører forslaget om godkjenning av driftsplanar berre til at planen må sendast inn til myndigheta. Dei økonomiske og administrative konsekvensane er såleis små. Kontroll av not vil kunne påføre oppdrettaren utgifter, men vil avgrense dei økonomiske tapa som følgje av rømming. Overvakingsfiske samt journalføring av dette er arbeidskrevjande. Det er uklart om dette fisket er eit rasjonelt tiltak i samband med rømming.

Ikkje alle registrerte gyteområde er godt avgrensa og kvalitetssikra (sjå kartvedlegg). Datasettet er delvis basert på kvalitativ informasjon frå ein rekke informantar. Forslaget om at det ikkje skal kunne gjevast løyve til lokalitetar i registrete gytefelt for villtorsk, kan derfor føre til avgrensa høve til ein helsemessig god lokalitetsstruktur, og kan føre til avslag på omsøkte lokalitetar utan fagleg god nok grunngeving. Hordaland meiner difor at det snarast bør setjast i verk ein evaluering av dei kartfesta gyteområda både når det gjeld definisjon, avgrensing og datagrunnlaget for kartet.

Hordaland fylkeskommune vil peike på at denne stansen i tildeling av løyve i Hardangerfjorden bør vere mellombels, og med ein fastsett tidshorisont, slik at det ikkje seinare vert unødige hindringar for optimalisering av drifta for torskeoppdrettarane.

Konsekvensar for forvaltninga

For forvaltninga vil endra prosedyrar for saksbehandlinga f. eks i form av tildelingsrundar kunne effektivisere tids- og ressursbruken i behandlinga av akvakultursøknader. Etter 1. januar 2010 skal saksbehandlinga knytt til tildeling av løyve og klarering av lokalitetar overførast frå Fiskeridirektoratet sitt regionkontor til fylkeskommunane. Dei økonomiske og administrative konsekvensane i samband med sakshandsaminga vil derfor vere relevante for fylkeskommunen.

Kravet til godkjent driftsplan også for akvakulturanlegg med torsk, inneber små ekstra kostnader for forvaltninga (mattilsynet og fiskeridirektoratet). Forslaget om kontroll av nøter og overvakingsfiske vil ha svært små økonomiske og administrative konsekvensar for forvaltninga.

Dårlig avgrensing og mangelfull kartlegging av gyteområde for vill torsk vil kunne føre til miljømessig uheldig plassering av oppdrettsanlegg og at gode lokalitetar ikkje kan nyttast.